



I Hauglandskryssen hos Edith og Arne Johannes Haugland er det som vanleg vakkert dekorert med blomar i to store krukker.

Påskepynten høyrer med til markeringa og helga vi går i møte. Det er mest ein tradisjon at mange plantar blomar og gjer det fint på sentrale plassar i bygda. En tur i sentrum, rundt båthamna og campingen og på dalen i dag syner at slik er det i år også.



På Haugland hos Svanhill og Lars Haugland finn vi påskeplante i vegkanten.

På Haugland finn vi ein vakker blomedekorasjon, godt synleg i kryssen der vegane møtest. Litt lenger oppe på Haugland er det planta i krukke langs vegen.

Elin og Geir Enes har planta i potter langs elva ned mot Rabben feriesenter og Øyro Marina. Ved inngangen til dei som driv næring, er det vakkert pynta,- mellom anna ved Thavogna, SPAR, Elins Matgleder og Solheim turiststasjon.

På turen vår går vi innom Gros Blomster og der får vi høyra at det er godt sal på blomar til påske. Det går for meste i påskeliljer, stemorsblomar og andre løkblomar som krokus og tulipan.

På kyrkjegarden er mange av gravene beplanta og vakkert pynta.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Elin og Geir Enes har planta langs elvekanten